

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 5.2.24

Stad: Fjordsenteret

Sak 8/24. Val av styremedlem og varamedlem til villreinutvalet for Nordfjella

Saksopplysning/vurdering:

I følge vedtektene for villreinutvalet for Nordfjella, skal styremedlemene veljast for 2 år om gongen. Representantane for fjellstyra skal veljast i partalsår, medan dei som representerer grunneigarlaga skal veljast i oddetalsår. Valperioden for dei valde styremedlemene gjeld frå årsmøte til årsmøte i utvalet. Her er utdrag frå den paragrafen i vedtektene som gjeld styre:

§ 3 Styret

Grunneigarane og fjellstyra i kommunane Aurland, Lærdal, Hemsedal, Ål, Hol og Ulvik vel kvar sin representant og vararepresentant til styret for villreinutvalet for Nordfjella for 2 år om gongen.

Grunneigarane vel sin representant gjennom lokale grunneigarlag.

Villreinutvalet for Nordfjella skal ha eit styre samansett av 2 medlemar frå kvar av kommunane Aurland, Lærdal, Hemsedal, Ål, Hol og Ulvik. Årsmøtet for villreinutvalet for Nordfjella vel ut frå desse medlemene leiar og nestleiar. Vararepresentanten til den valde leiaren går inn som fast medlem av styret i villreinutvalet for Nordfjella.

Styret i villreinutvalet for Nordfjella vert då samansett av 12 medlemar i tillegg til leiaren.

For å sikra kontinuitet i styret vel grunneigarane sine representantar og vararepresentantar til styret i villreinutvalet for Nordfjella i årstal med oddetal. Fjellstyra vel sine representantar til styret i villreinutvalet for Nordfjella i årstal med partal. I 2010 vel grunneigarlaga for 1 år, deretter i år med oddetal.

Valperioden i villreinutvalet for Nordfjella er på to år, og går frå årsmøtet og til og med årsmøtet to år seinare.

I februar 2020 vart Erling Nesbø vald som fjellstyret sin styremedlem i villreinutvalet, med Tor Olav Kvam som varamedlem. Desse to har sete i heile perioden på 4 år, sjølv om valet eigenleg skulle ha vore for 2 år, med nytt val i 2022. Slik vedtektene er utforma, sit desse til og med årsmøtet, uansett kva som vert utfallet av valet no.

Framlegg til vedtak:

Som Aurland fjellstyre sin styremedlem i villreinutvalet for Nordfjella for perioden 2024-26 vert vald, med som varamedlem.

Fjellstyrekontoret, den 2.2.24
Harald Skjerdal